

# UTLYSING AV MIDLAR TIL INNOVASJON I HELSE VEST I 2021

FØRINGAR FOR SØKNADER OM REGIONALE MIDLAR

**Hausten 2021**

## INNHALD

Utlysning av midlar til innovasjonsprosjekt i helse vest .....	2
Prioriterte område.....	2
Søknadskategoriar.....	3
Vurderingskriteriar .....	3
Søknadsbehandling .....	4
Kven kan søke .....	4
Finansiering og institusjonell forankring.....	4
Brukarmedverknad .....	5
IKT og arkitektur .....	5
Obligatoriske element og vedlegg.....	6

## UTLYSING AV MIDLAR TIL INNOVASJONSPROSJEKT I HELSE VEST

Helse Vest RHF lyser ut inntil 16 millionar kroner til innovasjonsprosjekt i 2021. Fristen for å søke om midlar til innovasjonsprosjekt er 25. oktober 2021, kl. 16.00.

### PRIORITERTE OMRÅDE I 2021

[Helse 2035](#), Helse Vest sin strategi, og [Nasjonal helse og sjukehusplan 2020-2023](#) ligg til grunn for dei prioriterte satsingsområda i utlysinga for 2021. Helse Vest RHF vil særleg prioritere prosjektsøknader som omhandlar eit eller fleire av desse satsingsområda:

- Prosjektet gjer bruk av nye arbeidsformer og/eller betre bruk av teknologi. I denne kategorien vil Helse Vest RHF særleg prioritere prosjekt knytt til:
  - Spesialiserte tenester utanfor sjukehuset
  - Digitale tenester
- Prosjektet bidreg til å redusere uønska variasjon i kvalitet og tilgjengelegheit i tenestetilbodet og betrar pasientforløp
- Prosjektet sørgjer for nye og betre samhandlingsformer mellom føretak, kommune og/eller brukarar av helsetenester.

Prosjekta/tiltaka kan vere nye eller allereie i gang.

#### **Prioriterte pasientgrupper**

Prosjekt som særleg retter seg mot ein eller fleire av følgjande pasientgrupper vil ha høg prioritet:

- skrøpelege eldre
- personar med alvorlige psykiske lidingar og rusproblem
- kronikarar og multisjuka
- barn og unge

#### **I tillegg vil Helse Vest særleg leggje vekt på prosjekt, der dette er relevant:**

- at fleire helseføretak i regionen deltek i prosjektet
- som har samarbeid med kommunar

Dersom de har planar om å søke finansierings frå andre finansieringskjelder, så vil dette kunne styrke søknaden.

Ved tildeling av midlar vil det bli lagt vekt på å oppnå ei spreiding av prosjekt i ulike delar av regionen og innan dei ulike satsingsområda.

## SØKNADSKATEGORIER

Det lysast ut midlar til to søknadskategoriar.

### 1. Nye prosjekter ved eige helseføretak

Prosjekt som gjennomførast for første gang og ved eige helseføretak (prosjekteigar). Det kan søkast om midlar til realisering av nye idéar eller prosjekt som har starta opp. Det er mulig å søke om stønad til både små og store prosjekt. Maks stønad frå Helse Vest RHF er 1,2 millionar kroner i denne kategorien.

### 2. Idéoverføring mellom helseføretak

Det kan søkast om prosjektmidlar til å adoptere gode innovasjonsløyningar som har vist seg å vere vellykka i andre sjukehus/helseføretak, anten i Helse Vest regionen eller nasjonalt/internasjonalt.

Dette er eit verkemiddel som skal stimulere til å spreie gode innovasjonar/løyningar som allereie er teke i bruk i helsetenesta. I søknaden er det viktig å gjere greie for kva for kvifor de vil adoptere akkurat denne løysinga, kva for gevinstar de forventar, og korleis de vil samarbeide med organisasjonen de skal adoptere løysinga i frå. Maks stønad frå Helse Vest RHF er 400 000 kroner i denne kategorien.

Prosjektkategoriar		
Type stønad	Innovasjon – nye prosjekt ved eige helseføretak	Idéoverføring mellom helseføretak
Maks stønad frå Helse Vest	Inntil 1,2 millionar kroner	Inntil 400 000
Prosjektperiode	Inntil 24 månader	Inntil 18 månader

Det er viktig at prosjekta har god strategisk forankring i sjukehuset/føretaket for å auke sannsynet for at løysinga blir teke i bruk, om innovasjonsprosjektet er vellykka. Difor er det obligatorisk med minimum 20% eigenandel av prosjektet sine totale kostnader frå prosjekteigar/partnarar.

Det vil seie at dersom de søker Helse Vest om 1,2 millionar kr., vil minimum eigenandel ( gjerne som eigeninnsats i form av frikjøp av personalressursar) frå prosjektgruppa vere 300 000 kr. For idéoverføring er tilsvarande beløp minimum 100 000 kr. om de søker Helse Vest om 400 000 kr. i stønad.

## VURDERINGSKRITERIAR

Søknadane vil bli vurdert ut frå følgjande kriteria (sjå prosjektmalar for ei nærmare skildring av vurderingskriteria – *les desse nøye før de planlegg prosjektsøknaden*);

### Nye prosjekter ved eige helseføretak

1. Relevans for satsingsområda (20 %)
2. Innovasjonshøgde og kunnskapsbehov (20 %)
3. Gevinstar og nytte for pasientane, helsetenesta og samfunnet (15 %)
4. Plan for å realisere gevinstantane (15 %)
5. Gjennomføring (30%)

### **Idéoverføring - vurderingskriteria**

1. Relevans for satsingsområda (10 %)
2. Innovasjonshøgde og kunnskapsbehov (30 %)
3. Gjennomføring (30 %)
4. Gevinstar og nytte for pasientane og helsetenesta (30%)

Det vil bli nytta ein skala frå 1 – 6 for dei fire kriteria. Det blir satt ein samla karakter for søknaden.

## SØKNADSBEHANDLING

Søknadane vil behandla av ein regional komité der rundt 50% er eksterne evaluatarar og 50% er interne. I tillegg vil brukarrepresentant og konserntillitsvalde delta i komitéen.

Leiarmøtet i Helse Vest RHF vil avgjere den endelege fordelinga på bakgrunn av komitéen sitt arbeid. Ved tildeling vil det bli lagt vekt på å oppnå ei spreiding av prosjekt i ulike delar av regionen og innan dei ulike satsingsområda.

## KVEN KAN SØKE

Prosjektleiari må ha si hovudstilling i eit helseføretak i Helse Vest eller ved ein privat ideell institusjon/sjukehus som har driftsavtale med Helse Vest RHF. Søknaden må fremmast gjennom institusjonen som har høve til å søke.

Prosjekt som har motteke stønad tidligare kan søke om midlar dersom dette inneber ei vesentleg vidareutvikling av prosjektet.

Prosjekt som får stønad skal ha nyheitsverdi og potensial for bruk i tenesta. Løysinga kan óg ha eit kommersielt potensial, men det skal like fullt gjerast greie for potensial for bruk i helsetenesta. Helse Vest ber søkar kontakte Sykehusinnkjøp HF Vest med tanke på eventuelle eksisterande løysingar som er i bruk før dei søkar om midlar frå Helse Vest.

## FINANSIERING OG INSTITUSJONELL FORANKRING

Det er viktig at prosjektet har god strategisk forankring i sjukehuset/føretaket for å auke sannsynet for at løysinga blir teke i bruk, om innovasjonsprosjektet er vellykka. Difor er det obligatorisk med ein eigenandel på minimum 20 % frå prosjekteigar/deltakarane av prosjektet sitt totale budsjett. Det er ein føresetnad at søknaden er godkjent av budsjettansvarleg ved prosjekteigar si klinikk/avdeling for å sikre finansiering og garanti for totalbudsjettet. Søknaden skal godkjennast av leiar/klinikkdirektør i søknadsportalen eSøknad.

Det blir automatisk sendt ein generert e-post til forankringsansvarleg i føretaket, som skal godkjenne søknad og budsjett. Merk at søknaden ikkje blir rekna som fullført før det føreligg ei stadfesting på at forankring er motteke av Helse Vest RHF. Frist for forankring er satt til éi veke etter søknadsfrist.

### **Kva kan støttast?**

Personalrelaterte kostnader, kjøp av tenester og/eller utstyr og driftskostnader kan støttast. Investeringar til utstyr kan berre utgjøre 30 % av kostnadene, Søknadsbeløpet skal spesifiserast i budsjettmodulen i eSøknad. Budsjettet skal samsvare med definerte milepålar, aktivitetar og innhald. Bruk obligatorisk budsjettmal som skal leggjast ved søknaden, i tillegg til informasjon i eSøknad.

Finansieringsplanen skal opplyse om direkte kostnadar knytt til aktivitetane som ein søker støtte til, eigeninnsats (timetal x timesats), anna finansiering og søkt beløp frå Helse Vest RHF. Totalsummen for kostnadane skal være lik totalsummen i finansieringsplanen.

Tildelte midlar skal nyttast innanfor ei prosjektramme på to år i kategorien nye prosjekt og innanfor 18 månader i kategorien idéoverføring. Prosjekta må starte opp i løpet av dei første fire månadane etter tildeling.

## **BRUKARMEDVERKNAD**

Det skal gjerast greie for i kva grad brukarar (pasientar, pårørande, helsepersonell) er involvert i planlegging, gjennomføring, formidling og/eller evaluering av prosjektet. Om det ikkje er brukarmedverknad i prosjektet skal det gjerast greie for kvifor dette er fråverande.

[Veileder for brukarmedvirkning i helseforskning i spesialisthelsetjenesten \(mai 2018\)](#) kan og nyttast i utvikling og gjennomføring av innovasjonsprosjekt.

## **IKT OG ARKITEKTUR**

Dersom det skal innførast eller utviklast nye IKT-løysningar i eit prosjekt, bør søkarar innhente vurderingar om korleis løysningane skal kunne virke i samanheng med eksisterande infrastruktur i Helse Vest. Ta kontakt med lokalt arkitekturansvarleg i føretaket, i tillegg til HV IKT. Dette vil det bli lagt vekt på i vurdering av søknadane.

Helse Vest IKT AS kan vere ein av samarbeidspartnarane i prosjektet.

## OBLIGATORISKE ELEMENT OG VEDLEGG

Søker har sjølv ansvar for at innsendt søknad er fullstendig og i tråd med søknadskriteria, samt at søknadsskjema er korrekt fylt ut og at obligatoriske vedlegg er lasta opp.

Ein ufullstendig søknad, eller ein søknad som ikkje overheld **formatkrav**, vil bli avvist. Dersom det søkast om meir enn maksimalt støttebeløp frå Helse Vest vil søknaden bli avvist.

### Mal for prosjektskisse

Følgande obligatoriske dokument skal leverast inn:

- Søknadsskjema i søknadsportalen eSøknad
- Prosjektskisse iht. Malar som vedlegg i søknadsportalen eSøknad:
  - [Mal for prosjektskisse - nye prosjekt](#) maks 4 sider for «nye prosjekt»
  - [Mal for prosjektskisse - idéoverføring](#) maks 3 sider for «idéoverføring»

Prosjektskisse må konverterast til PDF-format og lastast opp som eigne filar i eSøknad. Følgjande formatkrav gjeld: A4-side, minimum 2 cm margar, enkel linjeavstand, Times New Roman 12 punkt.

Det er berre desse dokumenta som skal lastast opp. Ytterligare vedlegg blir ikkje vurdert.

Eventuelle spørsmål kan rettast til: [innovasjonsmidler@helse-vest.no](mailto:innovasjonsmidler@helse-vest.no)

Alternativt ta kontakt med følgjande kontaktpersoner i Helse Vest RHF:

Lena Forgaard, ansvarlig for innovasjon i Helse Vest RHF - [lena.forgaard@helse-vest.no](mailto:lena.forgaard@helse-vest.no)

Nejla Karahasan, rådgivar i Helse Vest RHF – [nejla.karahasan@helse-vest.no](mailto:nejla.karahasan@helse-vest.no)